

## **Kristent menneskesyn – eksklusive og distinkte moment. Kva gjer kristne skular annleis?**

Det er i sanning ei krevjande oppgåve å seia noko forfriskande nytt til denne forsamlinga om kristent menneskesyn. Viss det er noko de veit alt om – og sikkert sjølv har halde foredrag om – så er det dette tema.

Og likevel. Eg har noko på hjarta som eg gjerne vil dela med dykk, og skulle det verka kjent så hugs kva dei gamle læremeisterane sa: Repetisjon er far til kunnskapen!

Eg tok ein liten «research» og stilte spørsmål til 6 kristne «insiderar» om kva som er kjernen i kristent menneskesyn. Svarea syner at ein kan trekkja ut ulike perspektiv same saka. Det trur eg er noko av forklaringa på at kristne skular, som alle legg kristent menneskesyn til grunn for si verksemd, likevel kan verta ganske så ulike i sin praksis. Det er menneska i organisasjonen som på godt og vondt formar skulen!

- ❖ Foredraget krev ein disposisjon. Eg vel då å bruka Paul Otto Brunstad sine fem formuleringar etter ei gruppe som arbeidde med dette på NLA.

- 1. Det elska og elskande mennesket**
- 2. Det skapte og skapande mennesket**
- 3. Det feilande mennesket**
- 4. Det tilgjevne og tilgjevande mennesket**
- 5. Det fellesskapsbyggjande mennesket**

- ❖ På denne måten prøver eg å få fram noko Njål Skrunes understrekar at kristent menneskesyn er teologisk forankra, dvs. at det må **forståast** ut frå Guds gjerningar med mennesket. Menneskeverdet er **openberring**, ikkje grunngeve empirisk.

Desse formuleringane gjeld alle menneske, men vi vil sjå kva dette betyr – og kva konsekvensar det får på ein kristen skule.

### **❖ Det elska og elskande mennesket**

Mennesket er elska, danna og vilja av Gud. Vi er skap i Hans bilde til fellesskap og samfunn med den treeinige Gud. Kjærleiken er fundamentet for kvar skapande, byggjande og fornyande relasjon. Vi er vilja og elska av ein annan. Det er lengselen etter å verta eitt med han som er drivkrafta i alt liv. Augustin sin tanke om det urolege hjarta er noko av pulsslaget i denne måten å tenkja på. Guds agape er djupaste grunnen for livet og verda, det er den som lokkar og drar på alt liv (Rom 8,22).

### Konsekvensar for dannelsesarbeidet:

- Den store forteljinga som rom for mi vesle forteljing
- Meininga med livet – meining er det som er meint
- Guds kjærleik er ubetinga – elska for den du er, ikkje for det du gjer
- Vi elsker fordi han elska oss først – Gud er alltid først ute
- Agape i danninga er eit godt døme på taus kunnskap. Elevane får del i denne tause kunnskapen ved å vera nær læraren sin. Difor er nærleik så viktig i ein kristen skule.

### ❖ **Det skapte og skapande mennesket**

Som skapt av Gud er mennesket skap til å skapa. Den skapande evna er kjernen i det at mennesket er skapt i Guds bilde. Det er når vi byggjer, dannar og skaper ei verd for oss sjølve og for menneska rundt oss, at vi står i den guddommelege funksjonen og oppgåva Gud har gjeve oss. Kvar må då sjå til korleis han byggjer. Gud skaper først av ingenting, vi held fram å skapa ved hjelp av det han har skapt.

### Konsekvensar for dannelsesarbeidet

- Vi er skapt i Guds bilde, noko som gir alle menneske ein fast verdi.
- Avgjerande viktig for eleven sitt sjølvbilde.

**Menneskets verd** – nei til alle former for gradering ut frå dyktighet, eller mangel på sådan. Men likeverd er ikkje likskap. Ulike menneske kan ikkje behandlast likt. Forskjell på å «forstå seg på» og «forstå». Det siste krev at vi stiller oss ved sida av og oppleva situasjonen frå den andre sin posisjon. Bryt ikkje ned sjølvtiliten. Skapa ein *medelevatmosfære* som motvirkar mobbing. (og all form for ironi og sarkasme frå læraren). Her er læraren sentral. *"Den enkelte har aldri med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd."*

- Det er ein vilje som motiverer min vilje *Fil 2.1 For Gud er det som verkar i oss både å vilja og gjera etter hans gode vilje*
- Gud arbeider – vi arbeider vidare i skapande fellesskap i skulen. M.a. skaping av meining for elevane (Sjå under)

❖ Undervisning er lærar og elev i møte med eit materiale/lærestoff. Det å velja materiale krev eit bevisst arbeid. Vis **respekt for materialet**, for det påverkar! Ideelt sett bør difor materialet vi nyttar:

**utfordra til grundig arbeid.** Vi må utvikla ei haldning til arbeid som er prega av ansvar og pliktkjensle. Eleven må få ansvar for bruken av evnene sine. Tida

er ei kostbar gåve, den skal ikkje skuslast bort. Læraren må ikkje verta ein reiseleiar utan reisefølgje - fordi elevane ikkje er med.

**vera meiningsfullt for elevane.** All læring tek til i det kjende og sprengjer så grensene mot det ukjende. Difor må undervisninga byggja på eleverfaringar om den skal kjennast relevant. Alle har erfaringar som kan danna utgangspunkt for læring. Også den svake eleven kan yta konstruktive bidrag. Kunnskap er ei personleg sak som må byggjast opp på den einskilde sin ståstad. Berre på det viset tek vi omsyn til eleven sin integritet. Det er ikkje spørsmål om kor mykje kunnskap som strøymer gjennom elevane, men om kor mykje, og av kva slag, som vert att i dei og festar seg i personlegdomen.

**gje opplevingar.** Hjarte må inn i læringsprosessen. Med det kjem varme, engasjement og vilje til å bruka kunnskapen til beste for medmennesket. Difor må det skapast møte mellom menneske og mellom elev og materiale som kan tenna ein brann for handling.

#### ❖ **Det feilande mennesket**

Når mennesket tar initiativ og handlar, vil det fort skje ting som ikkje var intendert eller ønska. I våre val og handlingar ligg heile tida faren for at fellesskap og relasjonar blir øydelagt. Våre handlingar bær mange gonger synda sine konsekvensar inn i verda. Vi er feilande og fallande menneske som er sett til å forvalta rikdomane på jorda. Det feilande mennesket er ein konsekvens av det skapande mennesket. Drivet til å skapa får både gode og vonde konsekvensar. Derfor, for å våga å ta initiativ, for å våga det spontane møte med personar og situasjonar, må vi ha tru på krafta i tilgjevinga.

#### Konsekvensar for dannelsesarbeidet

- Realisme i møtet med ein fallen skapning
- Respekt for medmennesket sin vilje og sine val – FAR let sonen gå!
- Har vi eit miljø oss tilsette imellom som tillèt å vera feilande?
- Grenser og rammer for å verja vår neste – oppseding (Sjå under)

#### ❖ **Oppseding er planlagt pedagogisk påverknad**

Så lenge som vi talar om danning, er vi innanfor psykologiens og pedagogikkens område. Læraren si gjerning her kviler i eit gudgjeve kulturoppdrag. Vi har eit kall til å utføra vårt pedagogiske oppdrag i lys av Skaparens vilje for det gode liv i skaparverket. Men det er avgjerande viktig for læraren å ha eit realistisk menneskesyn. Bibelens menneske er syndige menneske. Det tek frå oss alle illusjonar, men samtidig motiverer det oss til å arbeida aktivt og nyskapande for å finna løysningar på dei menneskelege problema.

I oppsedingsspørsmål kan vi ikkje la naturen vera høgste verdinorm. Kristent menneskesyn vil hevda at mennesket - slik det er av naturen - ofte handlar vondt og treng difor å verta korrigert. I tilhøve til Gud treng det frelse, i tilhøve til medmenneske treng det oppseding.

Læreplanen for grunnskulen har teke poenget når det står:

- ❖ «*Oppfostringen skal se mennesket som et moralsk vesen, med ansvar for egne valg og handlinger, med evne til å søke det som er sant og gjøre det som er rett. Men mennesket kan også handle destruktivt: i strid med sin samvittighet, på tvers av normer og mot bedre vitende, til skade for egen og andres tarv.*»

Vi merkar oss då at oppsedinga kan gjera seg nytte av dei gode kreftene i mennesket. Gjennom rettleiing kan mennesket nå fram til respekt for normer og tilskunda åtferd som syner omsorg for andre. Mennesket må læra seg til å møte nederlaga sine, gjera opp, og kjempa i spenninga mellom godt og vondt.

- ❖ Eleven er ikkje eit objekt som skal **overtalast** eller **tilpassast** våre meiningar. Ein tilpassa person er meir eit objekt for styring og kontroll enn eit tenkjande og handlande subjekt. Hellesnes snakkar om ein utdana mann og eit danna menneske. Utdanning (kompetanse) = beholdning Danning = holdning. Kristne friskular bør sikta mot ei dannande utdanning.

Kristen oppseding vil etter sitt vesen vera sjelesorg. ***Bare den form for påvirkningspedagogikk er forsvarlig som tar sikte på å overbevise eller m.a.o. gå fram på en slik måte at det vekkes egen innsikt hos den unge, seier Ivar Asheim.*** Vi talar altså om ei form for sjølvanning som kan "*vekke den unge til selv å dra omsorg for sin sjel.*" I ein kristen skule står lærar og elev saman under Guds skapande ord, og oppseding vil her vera i "*sjelesorgens fotspor.*" Det realistiske i menneskesynet gjeld ikkje berre elevane, men personalet også! Vi er ikkje suverene og nødvendigvis betre enn andre fordi om vi er på ein kristen skule. Det tilseier m.a. av vi også må innordna oss under allmenne lover og reglar og ikkje laga oss «kristelege snarvegane». ***Skulen er ein stad for folk, og det følgjer alltid risiko med folk, seier Vigdis Øystese.***

#### ❖ **Det tilgjevne og tilgjevande mennesket**

Nåden og tilgjevninga er dei berande faktorane i det skapande mennesket sitt liv. Vi skaper ikkje berre gode ting, vi øydelegg og oppløyser, vi skaper også kaos og konflikhtar. Dette doble gjer at vi treng nåde og kraft som gjer at vi kan få byrja på nytt og frigjerast frå våre eigne fall og nederlag slik at dei ikkje heftar ved oss for resten av livet. Utan denne dimensjonen, som kviler i Guds agape vil det ikkje vera mulig å realisera det menneskelege potensial på ein skapande måte.

## Konsekvensar for danningarbeidet

- Tilgjeven – for å kunna tilgje
- Frigjerande til all skapande verksemd.
- Mot og håp
- Heile skulekulturen må kvila i tilgang på nåde og tilgjeving (Sjå under)

### ❖ **Nådekultur**

Vi lukkast ikkje alltid. Kva då? Lærer elevane ved sjølvsyn korleis dei skal møta andre sine feil? Lærer dei å hjelpa andre, endå til når det seinkar eige arbeid?

Den kristne oppsedinga har sitt kjenneteikn i at det finns oppreising frå synd og nederlag gjennom tilgjeving.

**C. Kold** har i denne samanhengen ei perle av ei formulering i Vennemødetalen sin i 1866: "*(Jeg skulle) gjøre det til min egentlige Opgave i Verden at gjøre Hjerterne glade med det Budskab, at Gud elskede os ved sin Søn Jesus Christus, uaktet vi vare syndere.*"

Personalet kan møta elevane – og kvarandre – med «nåde i kropp». Vandrande, levande nåde. Slik må det vera, for **nåde er noko** høgst konkret som kjem til oss gjennom menneske. Det dei seier, gjer og er. Evangeliet skaper fellesskap mellom lærar og elev. Begge er felles om å synda, og begge skal få leva av tilgjeving. Dette må vi våga å synleggjera i skulekvardagen.

*Generell læreplan:*

**Og den må gi raushet ved feilslag slik at en blir tatt på alvor også når en misslykkes, og kan tilgis og reise seg.**

Evangeliet sitt ord om tilgjeving må altså få nedslag i **våre** ord om tilgjeving. På det viset vert det skapt ein ny atmosfære i skulen. Tilgjevinga fører oss inn att i fellesskapet, vi kjenner oss aksepterte og trygge. Denne tryggleiken kviler på noko utanom eigne prestasjonar, difor er den så total og frigjerande.

### ❖ **Guds pedagogikk**

Gjennom evangeliet kjem det noko nytt inn i læraryrket, både for læraren si sjølvforståing og for forståinga av borna. Oppseding er eit oppdrag Gud har gjeve oss menneske å forvalta, mens evangeliet er utelukkande Guds sak. **Men Guds handling** gjennom evangeliet utløyser oppdragande krefter. Vi kan kalle dei Guds pedagogikk, verka ved den heilage Ande med den kristne lærar som reiskap. Denne Guds oppsedargjerning siktar mot omvending og frelse. Vi kan ikkje innordna desse krefter i ein pedagogisk plan, eller bruka dei som eit middel til vår disposisjon, likso lite som vi kan læra borna å tru. Men Guds pedagogikk

er ikkje mindre verksam av den grunn. Som kristne er det naturleg å be om at Gud må bruka det vi gjer og er mellom elevene.

Vi les saman Tit.2,11: **For Guds nåde er openberra til frelse for alle menneske. Og hans nåde oppdreg oss til å seia nei til alt ugudeleg og til verdslege lyster og leva i sjølvttukt, rettferd og gudsfrykt i den verda som no er.** Vi ser at nåden fører inn i eit ekte menneskeliv. Derfor tillegg Paulus nåden stor oppdragande kraft. Kristi kjærleik kan endra menneskets tankar, vilje og følelsar. Eg vil tru det er fleire enn Paulus som har opplevd korleis *Kristi kjærleik tvingar oss*, og den motiverande krafta som ligg i Guds kall til teneste. **Det vi menneske** ikkje er i stand til av eiga kraft, det verkar nåden ved Jesus Kristus.

### ❖ **Det fellesskapsbyggjande mennesket**

Skrifta sine ord om at "ikkje noko menneske lever for seg sjølv" ligg som ein avgjerande premiss under dei fire første punkta. Mennesket er i sitt vesen eit relaterande og sosialt menneske. Derfor inngår det fellesskapsbyggjande som eit vesenselement i all menneskeleg aktivitet. I det ligg det nettopp at ingen lenger kan leva for seg sjølv. Vi er alle medarbeidarar i det sosiale prosjektet som heiter "vår felles klode". Kvar stad og kvart menneske vil møta resultatet av dette prosjektet.

#### Konsekvensar for dannelsesarbeidet

- Mennesket skapt til samfunn - med Gud, og med kvarandre
- Læraren – den viktigaste faktoren
- Påverkar organisering, stoffval, metode, evaluering
- Læringsmiljøet som vilkår for læring (Sjå under)

### ❖ **Den diakonale funksjonen**

*Pedagogisk virksomhet på kristen grunn er grunnleggjande en tjeneste for medmennesket*, seier Carsten Hjort Pedersen. Difor har skulen ein diakonal funksjon. Den består i å ta vare på dei elevane som treng å bli sett, løfta og inkludert i fellesskapet. Apg 6 taler om kvifor diakonitenesta i kyrkja vart oppretta. Der høyrer vi om dei «tilsidesette» enkene av gresktalande jødar. **Eg trur** at vår tids *tilsidesette* er å finna mellom barn og unge. Når familiane blir oppløyst og relasjonane brotne så er ofte læraren den mest stabile vaksenpersonen i barnas liv. Det er avgjerande for eit menneske sin totale arbeidsinnsats og veremåte at det kjenner seg trygg. Eleven sitt møte med skulefellesskapet må difor innehalda visse kvalitetar som kan tilfredsstilla dei grunnleggjande behova. "Ho trudde på meg, og det vart eg menneske på," seier Olav Duun. Men diakoni blir det først når barn og unge møter ein kristen lærar som har lært å sjå kva dei



treng, sett med Guds blikk. Nokon treng tru på seg sjølv, andre treng grenser for eiga åtferd, alle trenger kjærleik. Dette blikket kan også lærarar i offentlege skular ha, men berre ved kristne skular kan det skapast eit totalt diakonalt miljø.

Kva lærar veit at barn og unge treng omsorg, nokon meir enn andre. Omsorg er eit diakonalt omgrep. Det er ikkje ei oppgåve ved sida av, eller i tillegg til, undervisning og andre «skulesaker». **Det er ein måte** å møta menneske på. Med et slikt perspektiv over yrket, kjem ein som lærar ikkje unna å tenkja gjennom dei etiske konsekvensane av orda og handlingane sine. Og bak kvar etisk handling, ligg det eit verdisyn, eit menneskesyn, eit livssyn. Som lærer og vaksenperson i møtet med barn og unge, kan vi ikkje rømme unna. Vi blir forbilde i barna sin dannelsingsprosess, enten vi vil det eller ikkje.

Så la elevane møte eit medmenneske. Fagleg dyktig, ja. Sjeleleg trygg, ja. Åndeleg tydeleg, ja. Hjarteleg og varm, ja. Men første og fremst eit medmenneske. Ein slik som veit at alt du treng, trenger eg sjølv. Alt du slit med, finn sitt ekko i mine eigne kampar og i mitt mørke, om enn i ei anna form. Vi er like. Og vi har livet saman. Så, vinn du, vinn eg, vinn vi.

Vil vi dette? Fleire av dei kristne friskulane profilerer seg på at dei scorer høgt på karakterskalaer og har mindre trøbbel med rusmidlar osv. Dersom vi skulle ta vårt diakonale kall på alvor, så skulle det vel også vore mykje meir trøblete i skulegården? **Vågar vi å vera** «tollarar og syndarar sin ven» i friskulane, eigentleg? Det er ikkje nødvendigvis god butikk og gir ikkje nødvendigvis topp-plassering på nasjonale prøver.

#### ❖ **Modelèr**

- Vil vi gjera elevane til ansvarlege menneske – så gir vi ansvar ut frå forutsetningar
- Er vi engasert– så blir elevane engasjert
- Ser vi eleven som eit åndsvesen – så behandlar vi henne ikkje som ei maskin.
- Vil vi læra elevane respekt og toleranse – må vi visa dei respekt
- Vil vi at det elevane lærer skal danna *grunnlag for trua og være ei rettesnor for livet*, ja, så må dette modellerast gjennom forbildefunksjonen. Å læra dei kan vi gjera med orda våre, å læra dei å halda – slik Jesus seier i misjonsbefalinga – må vi gjera med liva våre.

❖ **Kristent menneskesyn må levast, men må også undervisast.** Egil Morland skriv i samband med kyrkjevalet i haust: Det er ei ny *syndsforståing* (vår synd er at vi er dødelege - vi har ikkje skuld overfor Gud), ein ny *inkarnasjonsteologi* (Kristus stadfester ved sitt kome vårt verd som menneske)

og ei ny *forsoningslære* (den objektive forsoninga vert forkasta, det er av rein sympati med menneska at Jesus døyr på krossen) og eg legg til: Ei ny-gamal forståing av *etikken*: menneskets erfaring står over og nyformulerer bibelens openberring. Dette er meir alvorleg enn folk flest til no har trudd. Det tilseier at **vi må skjerpa** vår merksemd på kva vi underviser om eit teologisk forankra kristent menneskesyn.

❖ *Når det kjem til stykke, er det so lite som skal til, og det vesle har hjarta alltid visst.*

Olav H. Hauge



## **Kristent menneskesyn – eksklusive og distinkte moment. Kva gjer kristne skular annleis?**

### **Spørsmål til refleksjon**

1. Det vert hevda at kristent menneskesyn er teologisk forankra, dvs. at det har element av openberring som går ut over det vi empirisk kan avdekka. Kva er sentrale openberringselement i dei fem punkta (P.O. Brunstad) som er trekt fram i foredraget?
  - 1. Det elska og elskande mennesket**
  - 2. Det skapte og skapande mennesket**
  - 3. Det feilande mennesket**
  - 4. Det tilgjevne og tilgjevande mennesket**
  - 5. Det fellesskapsbyggjande mennesket**
2. Gå inn i eitt av desse punkta og utdyp kva konsekvensar dette har for dannelsesarbeidet ved din skule.
3. Korleis driva dannande utdanning i ein skulekontekst full av reglar og konvensjonar som eleven er forventa å tilpassa seg?
4. Kan ein friskule vektleggja ein diakonal funksjon utan å øydeleggja grunnlaget for eiga drift?

Bjarne Kvam

### **Carsten:**

1. Eleven har en kontinuerlig erfaring af, at der er en Gud over de ansatte og eleverne, og at der er en næste ved deres side. Det ytrer sig i de relationelle erfaringer mellem voksne og børn, men også i de daglige andagter og i skolens fag.
2. Eleven møder et kald til at være forvaltere af skaberværket i form af såvel natur som kultur.
3. Eleven bliver mødt, set og anerkendt med det kristne menneskesyns realisme, hverken den sorte pessimisme eller den naive optimisme.

### **Ingrid**

1. Gud er med som en selvfølgelighet hos den voksne, og da også (ønskelig) med ord og handlinger i møte med barnet.
2. Ufortjent tilgivelse - NÅDE I PRAKSIS, og da både utenfor logikk, samfunnsrammer og "tillit på bakgrunn av historikk".
3. Lærer kan også be, sammen med og for elevene (både mens de hører på og på lærerrommet).
4. Rett og slett: Guds Ånd får plass og rom til å virke - og det GJØR noe med de som er i nærheten....?

### **Njål**

1. Et kristent menneskesyn innebærer at elevene får se seg selv i lys av Guds gjerning som skaper og frelser (coram deo). Det vil si at det kristne menneskesynet er forankret i en kristen virkelighetsforståelse hvor Guds gjerning står i sentrum.
2. Det kristne menneskesynet tilstreber en realistisk forståelse av menneskelivet som gjør at livets erfaringer i godt og ondt blir tatt på alvor (skapelse og syndefall).
3. Det kristne menneskesynet gjør mennesket ansvarlig for sine holdninger og gjerninger (for Gud og mennesker) og vender mennesket mot medmennesket og mot fellesskapet med sikte på å synliggjøre Guds gode vilje.
4. Det kristne menneskesynet løfter menneskelivet inn i et framtidshåp som er forankret i Jesu frelsesverk og som innebærer et liv i tilgivelse, fornyelse og fullendelse.

### **Petrin**

1. Eleven skal kunne oppleve voksne som klarer å anerkjenne den enkelte i ord og handling.
2. Tydeleg formidling av kristne verdier og kristen tru. Voksne som vågar å påvirke og utfordre, men på ein måte som gjer at den enkelte opplever seg respektert for sin personlege ståstad.
3. Eleven får møte eit kristent perspektiv i alle fag - der både oppgaver, undervisning, klasseleiing... ber preg av at eleven går på ein kristen skule.

### **Signe**

1. Evighetsperspektiv – som gjør noe med perspektivet på hva som er viktig.
2. Håp – der er en Gud som holder verden i sin hånd.
3. Meningen med livet er tjeneste for Gud og vår neste – Gud har en plass for og en plan for meg, ingen er mislykket.

### **Øyvind**

1. At alle mennesker er uendelig verdifulle for Gud, også de som vi ikke tenker på som elskverdige. Det bør få konsekvenser for hvordan en som lærer/skole møter elevene.
2. At vi alle er syndere. At vi gjør feil og har behov for tilgivelse selv, og at vi kan møte andre med tilgivelse.
3. At vi har en evighet i vente. Elevene møter lærere som bryr seg om troslivet til elevene.